

<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 3. søndag i fastetida – 30. mars 2014

Preiketekst: Luk 11, 14-28

Lesetekst I: 1 Sam 18, 6-14

Lesetekst II: Ef 5, 1-2; 8-11

## Jesus er den sterkaste

Det er nokså sein påske i år. Difor får me mange sundagar i fastetida. Sjølv om me skriv 30. mars no, er det endå to veker att til palmesundag. Denne sundagen har fokus på dei mørke eller vonde åndskreftene. Utfriings-sundagen har dagen stundom vorte kalla. Liknande namn har dei evangeliske kyrkjene i dei nordiske landa også sett på dagen. Men heldigvis – tekstane viser oss klart også dette; at Jesus er den sterkaste. Han har makt til å fria ut, ja til å driva ut vonde ånder om så skal vera, som i teksten i dag.

### Utfordrande lesetekstar

Lesetekstane skal ein alltid ha eit sideblikk til. Frå Efeserbrevet les me nokre fine vers om å leva og vandra i ljuset; me som før var barn av mørkret. Særleg spennande og utfordrande er det å lesa teksten frå 1 Sam 18. Der får me eit glimt inn i striden mellom David og Saul. Både kvinnene og sikkert også mennene, hylla David. Han slo titusen, medan Saul berre slo tusen. Dette likte Saul lite, for å seia det varsamt. Han vart mykje harm. Og så kjem det: Dagen etter kom det ei vond ånd frå Gud over han. Tenk, det står det. Ei vond ånd, frå Gud! Ein sperrar jo augene opp: Kjem ikkje dei vonde åndene frå djevelen, Guds motstandar?

Eg får ein assosiasjon her til 2 Mos 28. Der står skildra korleis Aron sin øvste-prest-kjole skal vera. Her er mykje flott kunst, og gilde fargar både her og der. Det skulle også høyrast når presten kom! Og så står det ein spennande detalj (vers 36ff): Dei skulle forma ei lita plate av gull til å ha på panna, inngravert med: Helga til Herren. Kvifor? Jau, for at Aron kunne bera den synda som heng ved dei heilage tinga som Israels-bornar vier til Herren! Synd ved det heilage, altså!? Men er det ikkje enten syndig – eller heilag?

### Undervisning om bøn

Kapittel 11 hos Lukas tek til med å fortelja at Jesus er saman med læresveinane sine, og han lærer dei om bøn. Han ber Fader vår saman med dei, og gjev desse sterke lovnadane: Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk. Og han fortel om den omsorgfulle faren som gjev son sin gode gåver, sjølv om sonen skulle finna på å be om ”dumme ting”! På same gode måten skal far i himmelen gje dei truande Heilaganden til gåve.

Men så skjer det brått eit drama: Han (Jesus) driv ut ei vond ånd. Den utfridde tek til å tala, og Jesus kjem i disputt med folket som er der. Det synest med andre ord som om det ikkje berre var læresveinar rundt Jesus. Hvis dette er rett, er det fint å sjå at Jesus underviste alle om å be, og om Far sin varme omsorg for sine barn.

Eg skulle likt godt at Lukas også hadde teke med kva den utfridde mannen sa då han fekk talegåva att. Korleis hadde han opplevd å vera berar av ei vond ånd inne i seg? Men det er ikkje mannen sitt vitnemål (i form av lovprising??) som vert tema for disputten som kjem.

Folket undra seg. Ja vel. Det hadde dei nok god grunn til. Men somme av dei påsto at det var ved Be'elsebul at Jesus fekk makt til å gjera dette underet.

Andre var visst ikkje nøgde med det dei såg og høyrde, og freista han og kravde eit teikn frå himmelen. Kanskje me kan seia: Eit teikn til!?

Hovuddelen av teksten er deretter Jesus sitt svar til kritikarane, og alle som stod rundt han. Han avslører tilhøyrarane sin inkonsekvens, og forkynner for dei at Guds rike no er kome til dei! Den som ikkje tek imot frelsa og utfriinga, står i fare for å koma opp i noko som er sju gonger verre!

Til slutt er det ei kvinne som anar noko av stordomen ved Jesus. For ho bryt ut: Sælt er det morslivet som bar deg og det brystet du saug. Jesus justerer dette og seier: Sæle er dei som høyrer Guds ord og tek vare på det!

### **Guds ord provoserar**

Guds ord, ja. For dei som stod omkring - jødar sikkert dei alle fleste, kanskje alle - var dette også svært provoserande. Jesus var jo berre tømmermann-sonen fra Nasaret, i deira auge; i mange sine auge i alle fall. Han var ikkje Gud. Korleis kan han då tala om si eiga forkynning som Guds ord?

Så ser me også vidare utover kapitlet at disputten held fram og kjenslene er sterke. Jesus kjem med sterke ve-rop. Det dirrar alvor over heile dette kapitlet. Den som skal lesa desse tekstane og forkynna dei også i dag, i våre samanhengar, har ei stor oppgåve i å få fram noko av dette heilage alvor. Læresveinane den gongen stod midt oppe i det. Men no gjeld det også oss. Å fatta at Jesus var og er den frelsande Messias, og at han var sann Gud, har alltid vore utfordrande, for jøde som for alle oss andre!

Vonde ånder og mørke krefter ytrar seg gjerne på andre måtar enn slik det somme gonger skjedde på Jesu tid, eller i andre kulturar, og andre tidsepokar. Men fenomenet er det same. Guds motstandar er slegen i den forstand at han ikkje vinn til slutt. Men han har stor makt i dag, i samfunnet, i kyrkjene, i hjarto våre. Ja, kanskje me endåtil kan seia: Dess mindre makt me trur han har, jo meir makt har han!

### **Forsaking og trusvedkjenning**

Det er fint at me kvar gong i gudstenesta ikkje berre vedkjenner trua sine tre artiklar. Men me forsakar djevelen og alt hans vesen og alle hans gjerningar.

Det tek ikkje lang tid å seia dette fram, men er eit svært viktig ledd i liturgien!

Kan henda skulle ein vore meir medviten på dette også i bedehusmøte der "liturgien" er litt friare!?

Teksten denne dagen set også fokus på eit anna emne: Tilhøvet mellom djevleskap og vonde åndskrefter på den eine sida, og psykisk eller psykiatrisk sjukdom på den andre.

Grenseoppgangane kan vera utfordrande. Tormod Engelsviken og Atle Roness er to av mange som har arbeidd mykje og seriøst med dette. Sosiologar peikar på at folk i mykje mindre grad no enn før trur at vonde åndskrefter finst. Det er stort fokus på åndskrefter, men med klart mest vekt på det folk oppfattar som gode krefter (hjelparar). Men Ørnulf Hodne ser det som eit paradoks at samstundes som vondskapen i verda ser ut til å bli verre og verre, har ein avmytifisert dei vonde åndene.

## **Våpenet er Guds ord**

Teksten kan summerast opp slik:

- Jesus er sterkare enn djevelen og dei vonde åndskreftene
- utdriving av vonde ånder, på same måte som andre undergjerningar, er tvetydige og kan ikkje provast med nye og fleire teikn
- utdriving av vonde ånder, og andre mirakel, vil likevel avdekka at Guds rike er kome nær, og at målet er å gjera ende på Satan si makt og rike
- i denne åndskampen er nøytralitet umogleg
- våpenet ein har i denne kampen, er Guds ord

### **Paul Odland**

Utdanna diakon, har arbeidd både i NLM; Dagen, ImF og NLA. No misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krins.

[paul.odland@lyse.net](mailto:paul.odland@lyse.net)